

## Styremøte SFSG 28.10.17 Thon Hotel Jølster

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås, Thomas Manseth Bjørhovde, Jostein Flatland og Solgun Haugen

### Sak 53/17. Tilbakemelding frå lokallag som ikkje møtte på leiarsamling

At berre 14 av over 40 lokallag er representerte på leiarsamlinga er for dårleg. Styret i SFSG ynskjer å finna ut kvifor ikkje fleire lokallag stiller og kva som skal til for få fleire lokallag til å koma.

Dette vart òg tema under leiarsamlinga.

Det vart bestemt å gjennomføra ei kartlegging blant dei lokallaga som ikkje var representert på leiarsamlinga. Der det vert bedt om ei grunngjeving for kvifor det ikkje møtte nokon frå aktuelt lokallag på leiarsamlinga, kva kan gjerast for å få betre oppmøte, skal leiarsamlinga gå over 1 eller 2 dagar.

Solgun lagar til forslag til e-post og sender til resten av styret før det vert sendt ut til alle lokallag som ikkje møtte på leiarsamlinga. Dei som ikkje har svart innan fristen vert kontakta pr telefon.

### Sak 54/17. E-post frå valnemnda i NSG om kandidatar til styre og stell i NSG

Ragnhild har fått e-post frå valnemnda i NSG v.Olav Tiller ang val av representantar til styre og stell i NSG. Dei ynskjer svar/tilbakemelding frå fylkeslaga innan 1.desember.

Dei som er på val i 2018 er; ordførar, Toril Undheim, Hilmar Klepp, Anne Kari Snefjella, vara til styret.

Styret i SFSG diskuterte litt rundt kva folk me ynskjer å ha i styre og stell i NSG.

Dei som sit i styret i NSG må ha ei nær tilknytting til småfenæringa. SFSG oppfordrar valnemnda til å ta ei nærmare vurdering på styremedlemmane si tilknyttinga til næringa. Dei bør ha nær tilknytting til næringa. Det sit folk i styret i NSG no som ikkje driv med småfe sjølve.

Skilja mellom dei som ikkje driv med småfe sjølve og dei som td har overdrege garden

Det er viktig at styret i NSG representerer ulike deler av landet og ulike produksjons-og bruksstørelsar

Styret i SFSG føresler attval på Ragnhild som ordførar.

Vedtak frå styret i SFSG: Attval på Ragnhild. Be valnemnda sjå på det med medlemmane si tilknytting til næringa. Dei bør òg ta hensyn til type besetningstørelse.

### Sak 55/17. Ymse

#### a) Finst det NSG flagg til flaggstenger

Styret i SFSG undersøker om NSG har flagg som kan hengast opp i flaggstenger. Vist det finst kan det brukast td når SFSG har møter/arrangement på Thon Hotell Jølster.

#### b) Fast invitera leiar gjetarhundlag og avlsutval på leiarsamling/årsmøte

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

# Sogn og Fjordane Sau og Geit



Styret i SFSG bestemte at leiarar av gjetarhundlaga og avlsutvalet for sau skal alltid inviterast at leirsamlingar/årsmøte. Dette etter innspel som kom på rep.møte i NSG.

- c) Kvart lag møta med inntil 3 istaden for fleire enn leiar. Endra namn til styresamling kanskje i stadenfor leirsamling. Org.samling

I staden for å oppfordra lokallaga til å møte med fleire enn leiar på leirsamlinga skal me heller skriva at kvart lokallag kan møta med inntil 3 personar.

Endra namn frå leirsamling til styresamling eller organinasjonssamling.

- d) Laga til gmailadr SFSG all info til lokallaga ut derifrå

Solgun kom med forslag om at det vert oppretta ei gmail adressa for styret SFSG der all informasjon som skal ut til lokallaga vert sendt frå. Då veit lokallaga at dette er informasjon frå styret i SFSG uavhengig av kven som er sekretær. I tillegg kan alle i styret ha tilgang til e-posten.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:  
Ragnhild Sæle  
Stranda 57  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342  
E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213  
Orgnr. 971 115 599